



Nissedal kommune



ADRESSEPARSELLERING, VEGADRESSER OG VEGNAMN I NISSEDAL KOMMUNE

Tilråding frå Vegadresseutvalet, dat. 10.09.2014, ajourført etter kommunestyrevedtaket i sak 061/14, 02.10.2014, med endringsvedtak i sakene 089/14, 014/15 og 034/15.

Innhald

	Side
1. Bakgrunn og prosess	3
1.1. Lovgrunnlaget m.m.	3
1.2. Tidlegare arbeid	3
1.3. Vegadresseutvalet av 2014	4
1.4. Prosessen vidare	4
2. Tilrådingar	5
2.1. Hovudprinsipp for adressering	5
2.2. Dei konkrete parsell- og namnetilrådingane	6
2.2.1. Hovudvegparsellar, tabell A	6
2.2.2. Sidevegparsellar, tabell B	7
2.2.3. Adressering av hyttefelta, tabell C	8

1. Bakgrunn og prosess

1.1 Lovgrunnlaget m.m.

Nissedal kommune er ein av få kommunar som bare har matrikkeladresser (g/bnr). Kartverkets mål er at alle skal ha vegadresser innan 2015. Vedtatt handlingsprogram i kommunen for 2014-17 seier at prosessen med vegadressering skal starte i 2014.

Kommunen er adresseemynde og fastsett offisielle adresser. Regelverket for fastsetjing av adresser ligg i Lov om eigedomsregistrering (Matrikkelova) og matrikkelforskrifta med merknader, samt Lov om stadnamn (Stadnamnlova) med tilhøyrande sentral forskrift for denne. I tillegg har Kartverket utarbeidd ein adressevegleiar som gir råd ved etablering og vedlikehald av eit felles adressesystem, og råd knytt til dei ulike delane av heile adresseringsprosessen.

Kommunens adresse- og namnemynde er kommunestyret så lenge dette ikkje er delegert til andre vedtaksorgan i organisasjonen.

Adresser og skilt skal sørge for at alle på ein lett og forståeleg måte kan identifisere og finne fram til bygningar, bustader og andre objekt eller stader det er viktig å finne fram til, og tilkomsten til desse. Offisiell adresse blir tildelt i form av vegadresse og eventuelt adressedilleggsnamn.

Matrikkeladresse kan og brukast som offisiell adresse, men det er ein uttala politikk at dette er lite ønskeleg. Vegadresse skal knytast til køyrbar gate, veg eller plass. Dersom det ikkje er mogeleg, kan vegadresse knytast til sti, gangveg eller eit eintydig avgrensa område. Det siste vil vere tilfelle der det i kommunen ikkje er noko vegsystem, men der det likevel skal tildelast adresser (t.d. spreidde hytter eller eldre hyttefelt utan internvegar).

Adressenummeret blir tildelt til den vegen som er godkjent som tilkomst. Dersom ein slik ikkje er etablert, skal adressa knytast til køyrbar gate, veg eller plass. Matrikkelen er det einaste offisielle registeret for slike tilkomstadresser (offisielle adresser). Folkeregisteret, Posten og andre brukarar (offentlege og private tenesteytarar som brannvesen, politi, AMK-sentralar, NAV, vegvesen, bankar, forsikringsselskap m.fl.) hentar (automatisert) dei offisielle adressene som kommunen fører inn i matrikkelen. Det er difor viktig at adressene blir ført i matrikkelen straks dei er fastsette av kommunen. Adresse skal tildelast så snart det er behov, og seinast ved igangsetjingsløyve for tiltak som skal ha adresse.

Kommunen deler vegnettlet opp i adresseparsellar, og kvar parsell blir tildelt eit namn. Det skal ikkje vere to eller fleire like vegadressenamn i kommunen. Vegadresse kan også knytast til stiar eller eit eintydig avgrensa område (hyttefelt, øyar, fjell- og skogsområde). Namnet bør fylgje den lokale namneskikken, samstundes som det bør vere lett å skrive og å oppfatte. Også private vegar og område, riks- og fylkesvegar får tildelt namn av kommunen dersom dei er ein del av dei adresseparsellane kommunen har fastsett. Skrivemåten av adressenamna fastsetjast etter reglane i Lov om stadnamn.

Før kommunen tildelar eller endrar vegadresse, skal det informerast slik at dei avgjerda får verknad for, får høve til å uttale seg. Kommunen kan krevje at uttalen skal vere grunngjeven og underskriven. Informasjonsplikta er ein naturleg del av ein demokratisk prosess, og kan gje positiv effekt i høve til forankring, medeigarskap og lokal identitetsbygging.

Kommunen har ansvaret for skilting av gater, vegar, stiar og område eller plassar som er nødvendige for å oppnå god merking av adressa. Nødvendige skilt må setjast opp raskast råd etter at skrivemåten til adressenamnet er vedtatt. Oppsetting av skilt skal skje i samsvar med adressevegleiaren frå Kartverket.

1.2 Tidlegare arbeid

Ved behandlinga av *handlingsprogram 1994-97 for næring, miljø og plan* vedtok kommunestyret å setje ned ein komite som skulle sjå på bruken av stadnamn i kommunen. Denne komiteen, samansett av Anna Tveit Olsen (leiar), Torleif Skåli, Halvor A. Dahle, Torgeir Grimstveit og Martin Johansen, sendte innstillinga si, *Bruk av stadnamn i kommunen*, til formannskapet 10.10.95. Her låg det konkrete forslag til namn og namnebruk, m.a. på skular og bustadfelt, men og eit forslag om å opprette eit rådgjevande namneutval under kulturstyret. Formannskapet sendte difor saka over til hovudutval for oppvekst og kultur (HUOK). I sak 11/96 oppnemnde HUOK eit namneutval med denne samansetjinga: Harald Valle, Asbjørn Gjøtterud, Anny Solveig Larsen, Torgeir Grimstveit og Asbjørn Nes Hansen. Namneutvalet kom med innstillinga si i notatet *Namnebruk og skilting*. Dette blei kommunestyrebehandla i sakene 049/96 og 058/96 (klagebehandling), der kommunestyret med små korrigeringar slutta seg til innstillinga.

Sjølv om det ved behandlinga av desse innstillingane er gjort vedtak om namn og skrivemåtar, har det ikkje vore råd å finne ut om desse vedtaka er sendt til statens namnekonsulentar for godkjenning av skrivemåten slik lova har hatt krav om frå 1991. Namneavklaringane er og langt frå uttømande. Det kan i tillegg slåast fast at ikkje alt av tilrådingar frå den gongen er gjennomførte. Det kan heller ikkje seiast at desse arbeida har hatt ei adressering etter dagens standardkrav for auga. Ved ei stor utbygging av høgstandard hyttefelt med veg til kvar tomt, særleg etter kommuneplanen av 1998, har behovet for ein fullstendig ny gjennomgang auka ytterlegare. Sist namneutvalet var i funksjon var likevel så seint som i 2007, ved avgjerda om kva bustadfeltet som fekk namnet *Tveitsund bustadfelt* skulle heite.

1.3 Vegadresseutvalet av 2014

Kommunestyret gjorde i sak 006/14 slikt vedtak:

1. *Overgang frå matrikkeladressering til vegadressering blir gjennomført for heile kommunen.*
2. *Det blir oppnemnd eit utval på fire personar med mandat til å legge fram sak for kommunestyret om adresseparsellering og namnevedtak innan 01.10.14.*
3. *Rådmannen oppnemner i tillegg sekretær for utvalet.*
4. *Adresseringsarbeidet utover pkt 2 blir utført av kommuneadministrasjonen.*
5. *Det blir sett av nødvendige økonomiske ressursar til ekstern kostnadsdel i prosjektet (hovudsakleg skiltmateriell) for 2015, rekna til ca kr 200 000.*

Følgjande fire personar veljast til utval for å lage adresseparsellering og namnevedtak: Ragnhild Haugstøyl, Tor Valle, Terje Nordbø og Hege Felle.

Torgeir Nordal erstatta Terje Nordbø som utvalsmedlem. Tor Valle blei vald til leiar av utvalet.

Etter fire møte i vegadresseutvalet la utvalet fram eit utkast til namne- og parsell-tilrådingar. Dette blei lagt ut til høyring, annonsert i VTB 01.07., og frå same tid lagt ut på kommunens heimeside og på kommunens facebook-konto. Høyringsfristen blei sett til 03.09.

Til fristen, inklusive overskridingar, kom det inn 22 uttalar. Vegadresseutvalet hadde etter dette eit oppsummerande møte der høyringsuttalane blei gjennomgått, og der tilrådinga frå utvalet blei justert på nokre punkt på bakgrunn av høyringsrunden.

Samstundes med at tilrådinga blei lagt ut til høyring, blei tilrådinga også sendt den regionale Stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka til uttale. I svarbrevet derifrå er det for dei tilrådde namnevala bare *Huvtjønn* som del av eit adressenamn som ikkje kan nyttast før det er gjort vedtak i reist namnesak (Kartverket). For alternative tilrådingar gjeld det også namna *Nykos* og *Noraberg*. Uttalen frå Stadnamntenesta låg til grunn ved den avsluttande gjennomgangen av tilrådinga frå utvalet. Utvalet tok inn to namn som ikkje låg i tilrådinga som var på høyring, eitt som tilrådd og eitt som alternativt namn. Det fyrste gjekk også mot tilrådd stavemåte frå Stadnamntenesta. Det gjaldt namna *Juvavegen* og *Cuba*. Kommunestyret valde

bare å ta inn *Juvavegen*, eit namn ein må vere førebudd på at det må reisast formell namnesak på før det kan takast i bruk.

Den endelege tilrådinga skilde seg ikkje frå det som låg i høyringsutkastet når det gjaldt val av hovudprinsipp for adressering. Tilrådinga om områdeadressering langs rv41 til og med sentrumsområdet i Treungen og i dei fleste hyttefelta, og vegparselladressering for andre vegstrekningar som får eigne namn, blei oppretthalden. Om det kunne trekkast nokon konklusjon frå høyringssvara på dette punktet, måtte det vere at dei som har uttala seg, ønskjer områdeadressering, men med ei endå større grad av oppdeling. Kommunestyret slutta seg i møtet 02.10. til ei slik kombinert løysing, men med noko endra omfang/inndeling. Dei endringane kommunestyret gjorde, er nå lagt inn i tabellane.

1.4 Prosessen vidare

Administrasjonen har fullmakt til å gjennomføre adressesetildeling inkl. nummertildeling og skilting i samsvar med vedtaket. Adressesetildelinga vil skje i løpet av vinteren 2014/15. Skilting vil bli utført barmarksesongen 2015, om det blir avsett budsjettmidlar til det.

2. Tilrådingar

2.1 Hovudprinsipp for adressering

Det kan veljast mellom to hovudprinsipp for adressering; 1) Vegparsellnamn eller 2) Områdenamn, eller ein kombinasjon av desse. Dei fleste kommunar har vald rein vegparsellnamn-adressering. Til dømes har nabokommunane Kviteseid og Fyresdal gjort det, medan nabokommunen i sør, Åmli har ein kombinasjon av vegparsellnamn og områdenamn, der sentrumsområda har vegparsellnamn-, medan grendene har områdenamnadressering. Prinsippa kan visast med eit døme;

Tor Valle eig g/bnr 45/190 på Tjønnefoss. Hans eigedom er knytt direkte til rv41 og ikkje til ein sideveg med så mange adresseeiningar (hus etc) at denne vegen vil få eige namn. Etter prinsippet om vegparsellnamn blir adressa hans knytt til namnet den aktuelle parsellen av rv41 vil få her. Ved val av vegparsellnamn, var det forslag om *Nissedalsvegen*. Dersom denne vegstrekninga hadde fått startpunkt ved fylkesgrensa mot Aust-Agder, vil avstanden frå dette punktet og opp til avkøyrsla til Tor Valles eigedom vere ca 6 000 m. Sidan avkøyrsla ligg på venstre side i køyreretninga, skal adressenummeret vere partal, og etter avstandsnummerering, avstanden delt på ti. Adressa til eigedomen 45/190 ville etter dette prinsippet då kunne blitt *Nissedalsvegen 600, 602* eller der omkring.

Ved val av områdenamnadressering låg det i tilrådinga, som og blei vedtaket, at den same eigedomen skulle få adresse *Tjønnefoss*. Nummereringa vil framleis bli eit partal, men nummeret må ta utgangspunkt i eit definert startpunkt for området *Tjønnefoss* langs rv41, t.d. badeplassen ved Ileklev. Adressa blir då *Tjønnefoss 74, 76* eller der omkring.

Den største fordelten med vegparsellnamn er at ein kan få lange vegnamnstrekningar, og at desse får naturlege start- og slutt punkt (vegkryss, snuplass). Den største fordelten med områdenamn er at dette tek vare på lokal historie og identitet. Tilrådinga frå vegadresse-utvalet, som og blei resultatet etter kommunestyrebehandlinga, er blitt å nytte ein kombinasjon av desse to prinsippa.

Meir om mellom anna dette kan du lese på lenkene:

<http://kartverket.no/Documents/Matrikkel/veiledning/av-instruks/adresseveileder-uu.pdf>

http://kartverket.no/Documents/Matrikkel/veiledning/av-instruks/Handbok-adressering-v1_2_0.pdf

2.2 Dei konkrete parsell- og namnetilrådingane

Utvalet la fram tilrådingane sine i tre tabellar, tabell A, B og C. Tabellane nå er korrigererte i samsvar med kommunestyrets vedtak. Tabellane har ei lik oppbygging. For enkelt og eintydig å kunne identifisere vegparsellen, er kvar veg gitt sitt nummer.

Tabellane A og B har i andre kolumnen parsellavgrensingens startpunkt, i tredje kolumnen parsellavgrensingens sluttspunkt og i fjerde kolumnen kommunestyrets vedteke vegnamn. Femte kolumnen med eventuelt alternativt namn og i sjette kolumnen med eventuell alternativ stavemåte er tatt ut av oppsettet etter kommunestyrebehandlingen.

Tabell C har den fyrste, andre og den fjerde av desse kolumnene. (Området er gitt som eit namn som skal vere greitt geografisk avgrensa, oftast sett lik reguleringsplanområdet med same namn.)

Tabell A: Hovudvegparcellar, vegar der stat/fylke er eineigar:

Nr	Parsell frå	Parsell til	Vedteke veg-/områdenamn
A1	Fylkesgrensa	Brekkebekken	Haugsjåsund
A2	Brekkebekken	Ilekleiv	Høgfooss
A3	Ilekleiv	Fiskåna	Tjønnefooss
A4-A7	Fiskåna	Strond	Treungvegen
A8	Strond	Steinsland	Nissedalsvegen
A9	Steinsland	Nesland	Nissedalsvegen
A10	Nesland	Kviteseid gr.	Nissedalsvegen
A11	Nobbesundet	Vehus	Fellevegen
A12	X rv41 Tjønnefooss	Fyresdal gr.	Kilegrendsvogen
A13	X rv41 Tveitsund	Fjonesundet	Fjonevegen
A14	X rv41 Tveitsund	100 m sør for Lisleåstemmen	Skålestronda
A15	100 m sør for Lisleåstemmen	X Heimdalsvegen	Homme
A16	X Heimdalsvegen	Drangedal gr.	Gautefallvegen
A17	X rv41 Nesland	Fjonesundet	Sundsodden

Merknad til tabell A:

- 1) Områdenamnet Haugsjåsund, vil også omfatte fyrste del av vegen mot Haugsjå/Eikhom/Espestøyl, til og med Berli kraftstasjon.

Tabell B. Sidevegar tilrådde som egne adresseparsellar

Kartverket tilrår minimumsgrenser for å opprette eigen adresseparsell (min 1-2 km veg og min 2-4 adreseeiningar (spreiddbygd) eller 10-20 adreseeiningar (tettbygd). Dette er ikkje absolutte krav, og avvik kan forklarast med kva som synest mest naturleg.

Nr	Parsell frå	Parsell til	Vedteke veg-/områdenamn
B1	Fellevegen	Onstad	Onstadvegen
B2	Onstad	Ormvasslia	Ormvasslivegen
B3	Fellevegen	Skåli	Skålivegen
B4	Fellevegen	Bakken	Skulehuskleiva
B5	X veg Berli kraftstasjon	vest for Haugsjå	Haugsjå
B5b	vest for Haugsjå	Dynjanfoss kraftst.	Eikhom
B5c	Dynjanfoss kraftst.	Espestøyl	Espestøyl
B6	X Haugsjåvegen	Setane	Setanvegen
B7	X rv41	Tjønnefossen	Tjønnefossvegen
B8	Xrv41	Ervedalen	Juvavegen
B9	X rv41	X Fjonevegen	Sagvegen
B10	X Sagvegen	X Fjonevegen	Sundsmoen
B11	(Teken ut)		
B12	X Fjonevegen	Fjalestad	Fjalestadvegen
B13	Fjalestad	Lytingsvatnet	Fjalestadvegen
B14	Fjalestad	Grytvatnet	Dalevegen
B15	X Fjonevegen	Bom Borstad	Borstadvegen
B16	Bom Borstad	Kviteseid gr	Borstadvegen
B17	X Gautefallvegen	Heimdal "rundt"	Heimdalsvegen
B18	Heimdal	Vøylen	Husvassvegen
B19	Gautefallvegen	Øverlandsvatnet	Kvarvåsvegen
B20	Gautefallvegen	Mjåvatn (38/2)	Mjåvassvegen
B21	X rv41	Tveit øvre	Tveitvegen
B22	X rv41, inkl. Grovavegen	X Tveitvegen	Solås
B23	X rv41	Smeitsundet	Landvik
B24	X rv41	Solli	Sollivegen
B25	X rv41	Smeitkollen rundt	Smeitkollen
B26	X rv41	X Kyrkjebygdvegen	Århuslivegen
B27	X Århuslivegen	Åbog	Nesheivegen
B28	X rv41	Rafoss	Kyrkjebygdvegen
B29	X Kyrkjebygdvegen	Bomkassa Heivegen	Grimstveitvegen
B30	Bomkassa Heivegen	Buvatn	Heivegen
B31	Stokksosen	Holmvatn	Holmvassvegen
B32	X Heivegen	Stemtjønn/Hesten	Stemtjønnvegen
B33	X rv41	Framnes rundt	Framnes
B35	X rv41	Nordbø – X rv41	Nordbygdvegen
B36	X Nordbygdvegen	Tveitane	Tveitanevegen
B37	X Nordbygdvegen	Nykos	Kleivegen
B38	Nykos	Støylane	Støylanevegen

Tabell C. Adressering av hyttefelta

For dei fleste hyttefelta er det vald områdeadressering. Unntaka er hyttefelt der desse blir fanga opp av vegnamn i tabell A eller B, og/eller der det fell meir naturleg å tale om ein vegparsell enn eit felt. Desse områda er merka med *) i tabellen.

Nr	Hyttefelt/område	Vedteke veg-/ områdenamn
C1	Spjotvasslia	Spjotvasslia
C2	Drangsvatn	Drangsvatn
C3	Vedlausfjell	Vedlausfjell
C4	Slokdalsfjellet	Slokdalsfjellet
C5	Kjetilåsen	Kjetilåsen
C6	Havrefjell hyttegrend	Havrefjell hyttegrend
C7	Spjotvatn	Spjotvatn
C8	Sandtjønnlia	Sandtjønnlia
C9	Kyrtjønn	Kyrtjønn
C10	Ronmoen *)	Kilegrendsvegen
C11	Tjønnsundmoen	Tjønnsundmoen
C12	Tjønnsundstykket *)	Tjønnefossvegen
C13	Solheia	Solheia
C14	Utsjå	Utsjå
C15	Trytetjønn	Trytetjønn
C16	Bjønntjønn	Bjønntjønn
C17	Mjåvatn (38/2) *)	Mjåvassvegen
C18	Støylsheia sør (delt)	Støylsheia sør og Mjåvassvegen
C19	Øverlandsheia I-II *)	Kvarvåsvegen
C20	Øverlandsheia I (Feriesenteret m.m.)	Bjønntjønn fjellgrend
C21	Bjønntjønnlia/Skogbu	Bjønntjønnlia
C22	Rosstjønn vest (A-H) *)	Rosstjønnvegen
C23	Støylsheia nord (delt)	Støylsheia nord og Rosstjønnvegen
C24	Felehovet nord	Felehovet nord
C25	Felehovet sør	Felehovet sør
C26	Rapvatn	Rapvatn
C27	Vehustjønnna *)	Nesheivegen
C28	Stemtjønn *)	Stemtjønnvegen
C29	Sylvtjønnrista	Sylvtjønnrista
C30	Sylvtjønn	Sylvtjønn
C31	Hellebrotet	Hellebrotet
C32	Huvetjønnskarine (delt)	Huvtjønnleiken og Heivegen
C33	Huvetjønnleiken	Huvtjønnleiken
C34	Breili (delt)	Breili og Huvtjønnleiken
C35	Veum hyttegrend *)	Heivegen og Holmvassvegen
C36	Steinbruhommen *)	Heivegen
C37	Buvatn *)	Heivegen
C38	Espelia/Holmvatn *)	Holmvassvegen
C39	Kileberga – Kveldsmyrane	Kveldsmyrane
C40	Flesjedalen	Flesjedalen
C41	Sandnes	Sandnes
C42	Nordskogbukta	Nordskogbukta
C43	Buktebakken	Buktebakken
C44	Sandvik	Nisser hyttegrend
C45	Naurak felt 7	Heggmyrdalane
C46	Naurak	Naurak
C47	Haukåsen	Haukåsen
C48	Treungen hyttegrend *)	Fjonevegen
C49	Eriksneset *)	Fjonevegen

Merknad til tabell C:

- 1) Det vil ikkje bli fastsett namn på kvar enkelt veg/sideveg i hyttefelt. Ved innkøyringa til feltet vil det stå skilt med områdenamnet. Internt i feltet vil det i kvart vegkryss bli skilta med nummertilvising (nummerert etter kantprinsippet).